



Notat

Dato: 05.05.2015
Arkivsak: 2014/13793-4
Saksbehandlar: monhak

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Svar på spørsmål frå fylkesutvalet vedk. vidareutdanning av lærarar

Fylkesrådmannen viser til møtebok frå fylkesutvalet sitt møte 26.03.2015 der Mona Røsvik Strømme på vegner av H, Frp og V sette fram følgjande oversendingsforslag:

«Vidareutdanning av lærere! Et rekordhøyt antall lærere har søkt vidareutdanning i 2015. Regjeringen har økt statens andel av utgiftene til vikarbruk i forbindelse med vidareutdanning. Fylkesutvalet ber derfor om at administrasjonen innvilger søknader om vidareutdanning som er mottatt med mindre særlige grunner foreligger.» Strømme sitt forslag vart oversendt på vegne av forslagstillarane utan realitetsbehandling.

Vidareutdanning av lærarar – innvilga søknader

I 2015 er det 140 lærarar som har søkt vidareutdanning gjennom den nasjonale strategien *Kompetanse for kvalitet*.

I Hordaland fylkeskommune sin plan for kompetanseutvikling 2012-2015 med tiltak for 2015 er det gjort følgjande prioriteringar som har vore grunnlag for sakshandsaminga: Yrkesfag, språk- og realfag samt sårbare tilbod med rekrutteringsbehov i distrikta.

Skuleeigar har prioritert søknadene og vidaresendt dei til Utdanningsdirektoratet (UDIR). I år har skuleeigar godkjent 90 søknader innan dei prioriterte områda. Nesten alle lærarane som har søkt vidareutdanning innan dei prioriterte faga, har fått godkjenning frå skuleeigar. Dei lærarane som ikkje har fått godkjent sine søknader, har enten søkt om vidareutdanning utanfor dei prioriterte fagområda eller skuleleiinga har gjort prioriteringar på grunnlag av bemanningssituasjonen på skulen. Lærarar utan fast tilsetjing i HFK har ikkje fått godkjent sine søknader.

UDIR kjem med resultata av endelig sakshandsaming i siste del av mai.

Lærarar som har søkt vidareutdanning utanfor dei prioriterte fagområda, har mogelegheit til å søkje vidareutdanning med anna støtte frå skuleeigar.

I år har UDIR lyst ut stipend for dei lærarane som er tilsette, men som manglar pedagogisk kompetanse, jfr. krava i forskrifta til Opplæringslova. Dette gjeld lærarar som manglar PPU, PPU-y eller yrkesfaglærarutdanning. Fleire av lærarane som hadde søkt om støtte via *Kompetanse for kvalitet*, har no søkt om støtte gjennom stipendordninga frå UDIR.